

Programstyremøte for fransk tirsdag 19/1 -16,

kl. 14.15 – 16.00, HF 301

Dagsorden:

- 1) Godkjenning av dagsorden og referat fra forrige programstyremøte

Orienteringssaker

- 2) Frist for opplasting av emnerapporter fra høsten 2015: 3. februar.
- 3) Øyvind har tatt over som leder av Samarbeidsrådet for Ofnec. Møter i Caen 17. og 18. mars.

Vedtakssaker

- 4) Endringer/oppdateringer emnebeskrivelser. Forslag: Endringene vedtas med evt. justeringer.
 - a. Vedlegg 1: Bachelor
 - b. Vedlegg 2: Master
 - c. Vedlegg 3: FRAN254L
 - d. Vedlegg 4: Lektor (ettesendes)
 - e. Vedlegg 5: Følgebrev
 - f. Vedlegg 8: to alternativer for FRAN114
- 5) Mottak av praktikant: Eva Aymonier (vedlegg 6 og 7)

Diskusjonssaker

- 6) Hovedpunkter fra emnerapporter etter våren 2015, inkl. evt. behov for endringer (Vedlegg 8)
- 7) Forslag fra fagutvalget vedr. obligatoriske arbeidskrav og eksamen i DIDAFRAN1 og DIDAFRAN2 (Vedlegg 9)
- 8) Opptakssrammer for master, se vedlagt brev fra fakultetet. Studieleder ved IF trenger tilbakemelding innen torsdag 21. januar (Vedlegg 10)
- 9) Ressurssituasjonen og fordeling av undervisning høsten 2016: FRAN114 (UTGÅR. Se sak 4f.)
- 10) Eventuelt

Studieplan for Bachelorprogram i fransk
Bachelorprogram i fransk
Bachelor's Programme in French

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret:(dd.mm.år)

Programstyret:(dd.mm.år)

Humanistisk fakultet:(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert: 05.09.14 (UUI)

Evaluerings:

Studieprogrammet vart sist evaluert: høsten 2013 (programsensorrapport)

Neste planlagde evaluering: Innan 31.12.2015

Studieplan for Bachelorprogrammet i fransk

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i fransk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i fransk
Name of the programme of study, English	Bachelor's programme in French
Namn på grad Name of qualification	Bachelor i fransk
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Bachelorprogrammet i fransk har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of instruction	Undervisningsspråket på franskemna er fransk og norsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Haut
Mål og innhald Objectives and content	Bachelorstudium i fransk har som mål å gje generelle og spesialiserte kunnskapar i fransk språk og franskspråkleg litteratur og kultur. Gjennom studiet av pensum og bruk av ulike læringsformer, skal ein skaffa seg god praktisk dugleik i munnleg og skriftleg fransk, samstundes som ein utviklar ei sjølvstendig haldning til stoffet. Spesialiseringa i fransk (90 studiepoeng) inneheld seks emne innan fransk grammatikk, fonetikk, omsetjing, litteratur, kulturkunnskap og samfunnskunnskap. 100-nivået har som mål å gje eit oversyn over dei ulike tema, medan ein på 200-nivå får høve til å fordjupe seg i fransk grammatikk, omsetjing og litteratur. Språk- og litteraturstudiet høyrer nøye saman. Gode språkkunnskapar trengst for å skjønna dei litterære verka, og inngåande kjennskap til eit

	representativt utval tekstar er ein føresetnad for ei nyansert forståing av det franske språket. Difor er vekselspelet mellom desse to disiplinane grunnleggjande i studiet. På 100-nivå høyrer det òg med ei innføring i kultur og samfunnstilhøve i Frankrike og andre fransktalande land. Kulturkunnskapsdisiplinen dannar ein naudsynleg bakgrunn for språk- og litteraturstudiet.
Læringsutbyte Required learning outcomes	Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse: Etter fullført studium: <u>Kunnskapar</u> Kandidaten - har grunnleggjande kunnskapar i fransk grammatikk og lydlære, derunder kjennskap til viktige kontrastive aspekt fransk-norsk - har god innsikt i det franske språkssystemet og ei god forståing og meistring av eit språkvitskapleg omgrepsapparat - har basiskunnskap om fransk historie og frankofoni - har god kjennskap til det franske samfunnet i dag - har god innsikt i dei litterære pensumtekstane og den kulturelle konteksten deira - har grunnleggjande kunnskap om nokre sentrale litterære teknikkar og deira bruk i ulike sjangrar <u>Dugleik:</u> Kandidaten - kan uttrykkja seg og formidla kunnskapar innanfor eige fagområde på munnleg og skriftleg fransk - er i stand til å nytta språklege omgrep til å analysa fransk språkbruk i ulike sjangrar - kan presentera sjølvstendige analysar og drøftingar av pensumtekstane - kan omsetja middels vanskelege tekstar innan ulike sjangrar <u>Generell kompetanse:</u> Kandidaten - kan gjennomføra under rettleiing eit analytisk og kritisk arbeid tilsvarande BA-oppgåven - kan vidareutvikla kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv
Opptakskrav Admission requirements	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	For å gjennomføra studiet med godt resultat, trengst det

Recommended previous knowledge	førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå II frå vidaregåande skole.
Innføringsemne Introductory courses	Bachelorprogrammet i fransk inneheld 20 studiepoeng med innføringsemne og er sett saman av: • Examen philosophicum • Tekst og kultur <u>eller</u> Språk og kommunikasjon Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd. I tillegg til dei 20 studiepoenga med innføringsemne, rår ein studentane til å velje FRAN100 Introduksjon til franskstudiet det første semesteret. Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 10 studiepoeng eksamen philosophicum og 20 studiepoeng eksamen facultatum.
Obligatoriske emne Compulsory units	Bachelorprogrammet i fransk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda 20 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil., ex.fac.) og FRAN100, i tillegg til 90 studiepoeng med spesialisering i fransk. Dei siste 60 studiepoenga er frie. Ei godkjend spesialisering i fransk utgjer normalt opptaksgrunnlaget for mastergrad. I bachelorprogram i fransk vil dei 90 studiepoenga i spesialiseringa normalt innehalda FRAN101, FRAN102, FRAN103, FRAN114, FRAN201 og FRAN253. Emnet TRANSHF – omsetjingsteori (med omsetjing mellom fransk og norsk) kan eventuelt koma i staden for eitt av emna på 200-nivå i fransk spesialisering. Eit anna alternativ er å ta emne tilsvarande 200-nivå som delstudium i utlandet. Ein må likevel sjå til at gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng vert oppfylt, jf. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultetet. Fransk kan òg utgjera spesialiseringa i Integrert lektorutdanning med master i framandspråk.
Spesialisering Specialisation	Bachelorprogrammet i fransk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda 20 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil., ex.fac.) og FRAN100, i tillegg til 90 studiepoeng med spesialisering i fransk. Dei siste 60 studiepoenga er frie. Ei godkjend spesialisering i fransk utgjer normalt opptaksgrunnlaget for mastergrad. I bachelorprogram i fransk vil dei 90 studiepoenga i spesialiseringa normalt innehalda FRAN101, FRAN102, FRAN103, FRAN114, FRAN201 og FRAN253. Emnet TRANSHF – omsetjingsteori (med omsetjing mellom fransk og norsk) kan eventuelt koma i staden for eitt av emna på 200-nivå i fransk spesialisering. Eit anna alternativ er å ta emne tilsvarande 200-

	nivå som delstudium i utlandet. Ein må likevel sjå til at gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng vert oppfylt, jf. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultetet. Fransk kan òg utgjera spesialiseringa i Integrert lektorutdanning med master i framandspråk.
Tilrådde valemne Recommended electives	Bachelorprogrammet i fransk har 70 frie studiepoeng, inkludert FRAN100. Studenten kan velja emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar.
Rekkefølge for emne i studiet Sequential requirements, courses	Tilrådd rekkjefølgje for emne i studiet: 1. semester (H): Ex.phil. og ex.fac. og FRAN100 (30 stp) 2. semester (V): FRAN101 Fransk grammatikk (15 stp) FRAN103 Fransk kulturkunnskap og omsetjing (15 stp) 3. semester (H): FRAN114 Omsetjing norsk-fransk, fonetikk og samfunnskunnskap (med vekt på munnleg fransk) (15 stp) FRAN102 Fransk litteratur (15 stp) 4. semester (V): FRAN201 Fordjuping i fransk grammatikk, tekstlingvistikk og omsetjing (15 stp) FRAN253 Fordjuping i fransk litteratur (15 stp) eller Delstudium i utland der ein tar emne tilsvarande FRAN201 og FRAN253. 5. semester (H): Frie studiepoeng eller delstudium i utland (30 stp) 6. semester (V): Frie studiepoeng eller delstudium i utland (30 stp) Studentar kan sjølv velja om dei vil følgja det tilrådde løpet eller om dei vil byta om på rekkjefølgja av spesialisering og frie studiepoeng. Ein må då vera merksam på at franskemna har faste undervisningssemester. Det er uansett tilrådd at ein fullfører 100-nivå i fransk før ein tar fatt på 200-nivå.
Delstudium i utlandet Study period abroad	Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velja blant Universitetet i Bergen sine avtalar i heile verda, anten for å studera innan spesialiseringa i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Emna må godkjennast på førehand

	av UiB. I programmet er det tilrådd at delstudium i utlandet blir lagt til eit fransktalande land. Universitetet i Bergen har fleire utvekslingsavtalar med universitet i til dømes Frankrike og Canada. Studentar som ønskjer å dra på utveksling som del av spesialiseringa, vert rådde til å gjera dette på 200-nivå. Ein kan òg reisa ut og ta frie studiepoeng. Det er tilrådd å samtala med studierettleiar eller ein fagperson i planlegginga av delstudium i utlandet. For studentar på 100-nivået arrangerer instituttet kvar haust studieopphald ved Fransk-Norsk studiesenter i Caen, Frankrike (Université de Caen). Opplysningar om studiesenteret og om andre aktuelle kurstilbod kan ein få ved å venda seg til instituttet.
Undervisningsmetodar Teaching methods	Programmet omfattar ulike undervisningsformer, til dømes førelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilte emnet.
Vurderingsformer Assessment methods	Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, til dømes ved mappevurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve. Sjå emneplanen for det einskilte emnet.
Litteraturliste Reading list	Litteraturliste finn du på Mi side. Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.
Karakterskala Grading scale	Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd Sjå emneplanen for det einskilte emnet.
Vitnemål og vitnemålstillegg Diploma and Diploma Supplement	Vitnemål blir skrive ut etter at graden er fullført.
Grunnlag for vidare studium Access to further studies	Bachelorprogrammet i fransk gjer høve til å gå vidare med master i fransk. Studenten kan nytta sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning.
Relevans for arbeidsliv Employability	Fransk vert dagleg tala av 60 millionar menneske i Frankrike og av om lag like mange utanfor landet sine grenser, andre stader i Europa, dessutan i Afrika og i Amerika. Fransk er arbeidsspråk i ei rekkje internasjonale organisasjonar. Gode kunnskapar i fransk er sterkt etterspurde i ulike yrkessamanhengar innafor næringsliv (irekna handel, kommunikasjon, reiseliv), kulturliv og offentleg sektor. Vidare kvalifiserer dei fire emna på 100-nivå for undervisning i grunnskolen og den vidaregåande

	skolen. Det kan difor fungera som tilleggsfag for kandidatar frå dei pedagogiske høgskolane.
Evaluering Evaluation	Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
Skikkaheit og autorisasjon Suitability and authorisation	Ikkje relevant
Programansvarleg Programme committe	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet
Administrativt ansvarleg Administrative responsibility	Det humanistisk fakultet v/ Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact information	Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: Studierettleiar@if.uib.no

VITNEMÅLSTEKSTAR:

STUDIETS MÅLSETJING (NYNORSK)

Bachelorgraden i fransk inneheld eit førstesemesterstudium, halvtanna års studium i fransk og eit års studium av kompletterande fag.

Franskstudiet har som mål å gje generelle og spesialiserte kunnskapar i fransk språk og franskspråkleg litteratur og kultur. Gjennom arbeidet med pensumtekstane og bruken av ulike læringsformer, tileignar ein seg god praktisk dugleik i munnleg og skriftleg fransk, samstundes som ein utviklar ei sjølvstendig og reflekterande haldning til stoffet, ikkje minst gjennom arbeidet med bacheloroppgåva.

Spesialiseringa i fransk inneheld seks emne fordelt på fransk lingvistikk (grammatikk, fonetikk og omsetjing), litteratur og kultur- og samfunnskunnskap. Språk- og litteraturstudiet høyrer nøyte saman. Gode språkkunnskapar trengst for å skjønna dei litterære verka, og inngåande kjennskap til eit representativt utval tekstar er ein føresetnad for ei nyansert forståing av det franske språket. Studiet gir òg grunnleggjande kunnskapar om fransk historie og samfunnstilhøve i Frankrike og andre fransktalande land. Fordjupningsemna gjer større teoretisk innsikt og praktisk dugleik innanfor disiplinane fransk grammatikk, omsetjing og litteraturvitskap.

STUDIETS MÅLSETTING (BOKMÅL)

Bachelorgraden i fransk består av et førstesemesterstudium, halvannet års studium i fransk og ett års studium av kompletterende fag.

Franskstudiet har som mål å gi generelle og spesialiserte kunnskaper i fransk språk og franskspråklig litteratur og kultur. Gjennom arbeidet med pensumtekstene og bruken av ulike læringsformer, tilegner man seg gode praktiske ferdigheter i muntlig og skriftlig fransk, samtidig som man utvikler en selvstendig og reflekterende holdning til stoffet, ikke minst gjennom arbeidet med bacheloroppgaven.

Spesialiseringen i fransk består av seks emner fordelt på fransk lingvistikk (grammatikk, fonetikk og oversettelse), litteratur og kultur- og samfunnskunnskap. Språk- og litteraturstudiet hører nøyte sammen. Gode språkkunnskaper er nødvendige for å forstå de litterære verkene, og inngående kjennskap til et representativt utvalg tekster er en forutsetning for en nyansert forståelse av det franske språket. Studiet gir dessuten grunnleggende kunnskaper om fransk historie og samfunnsforhold i Frankrike og andre fransktalende land. Fordypningemnene gir større teoretisk innsikt og praktiske ferdigheter innenfor disiplinene fransk grammatikk, oversettelse og litteraturvitenskap.

Utdanningsplan for Bachelorprogram i fransk, høsten 2014

1.SEM	EXPHIL	10 stp	F
haust	EXFAC	10 stp	F
	FRAN100	10 stp	
2.SEM	FRAN101	15 stp	SO
vår	FRAN103	15 stp	SO
3 SEM	FRAN102	15 stp	SO
haust	FRAN114	15 stp	SO
4.SEM	FRAN201	15 stp	SO
vår	FRAN253	15 stp	SO
5.SEM	Frie studiepoeng	30 stp	V
haust			
6.SEM	Frie studiepoeng	30 stp	V
vår			

Eit av emna på 200-nivå kan bytast med TRANSHF med omsetjing frå fransk til norsk

Emnekode	FRAN100
Emnenamn	Introduksjon til franskstudiet
Engelsk emnenamn	Introduction to Studies in French
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haut
Undervisningsspråk	Fransk og norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Kurset gjev ei grunnleggjande innføring i fransk språk og kultur og skal danna eit godt grunnlag for vidare studium i fransk.
Læringsutbyte/resultat	Studentane skal læra seg å meistra dei viktigaste reglane i fransk grammatikk.
Kunnskap	
Dugleik	Dei skal kunna lesa, forstå, omsetja og gjera greie for innhaldet i enkle
Generell kompetanse	tekstar, munnleg og skriftleg.
Tilrådde forkunnskapar	Tilsvarande fransk nivå I eller II frå vidaregåande skole.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang	Kurset går over heile haustsemesteret (12 veker) med normalt 4 timar undervisning i veka. Undervisningsformene vil vera førelesingar kombinerte med øvingar, omsetjingar, lesevurdering, samtaler og liknande.
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane skal halde eit munnleg innlegg på minst 5 minutt. Nærmare retningslinjer blir gjeve i samanheng med undervisninga.
Vurderingsformer	Ein avsluttande skriftleg eksamen på 4 timar.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Fløttum/Halvorsen/Lorentzen: Fransk språklære + Øvingsbok til denne
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN101
Emnenamn	Fransk grammatikk
Engelsk emnenamn	French Grammar
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet skal gje kunnskap om fransk språkstruktur særlig innan syntaks og morfologi. Det skal òg gje studentane eit presist språkvitskapleg omgrepsapparat som arbeidsreiskap. Emnet skal òg vera med på å øva opp evna hjå studentane til å uttrykkja seg på standardfransk.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetans	Studentane skal ha fått grunnleggjande kunnskap om det franske språksystemet og ei viss forståing og meistring av eit presist språkvitskapleg omgrepsapparat. Studentane skal ha utvikla dugleik i å uttrykkja seg på standardfransk. Studentane skal ha fått nok kompetanse til å kunne vidareutvikla sine kunnskarar t.d. gjennom studiet av grammatikk på 200-nivå.
Tilrådde forkunnskarar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskarar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skule.
Krav til forkunnskarar	Ingen
Undervisning og omfang • Type • Timer pr veke • Veker	Undervisninga omfattar oversiktsførelesingar og øvingstimar. Omfanget er 4 – 5 timar per veke i 10 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Emnet omfattar tre obligatoriske øvingsoppgåver med omfang og innhald omlag som ved ein eksamen. Oppgåvene er obligatoriske for alle studentar på emnet, og for å få gå opp til eksamen må studenten ha levert dei obligatoriske øvingsoppgåvene innan fastsette fristar. Fristane vert kunngjort seinast ved undervisningsstart for emnet. Kvar oppgåve vert kunngjort ei veke før fristen. Øvingsoppgåvene er gyldige i det semesteret dei er levert inn og i det påfølgjande semesteret.
Vurderingsformar	Skoleeksamenen: Eksamen er ein 6 timars skriftleg skoleeksamen der studenten skal svara på norsk (eventuelt eit anna skandinavisk språk.) Studentane kan nytta eittspråkleg

	(fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet. For å få gå opp til eksamen må studentene ha levert tre obligatoriske øvingsoppgåver; jf. ovanfor. Eksamensoppgåvene trekkjer saman inn store deler av pensumet. Det vert gjeve teoretiske spørsmål og praktiske prøver, inkl. syntaktisk analyse.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er ein større fransk grammatikk skriven på eit skandinavisk språk med hovudvekt på morfologi og syntaks. Læreboka er skriven i eit kontrastivt perspektiv: det blir lagt stor vekt på skilnader mellom norsk og fransk for å gjera tileigninga av framandspråket lettare. Som læremiddel brukar ein også øvingar i grammatikk som studentane kan arbeida sjølvstendig med på internett. Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN102
Emnenamn	Fransk litteratur
Engelsk emnenamn	French Literature
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet skal gje ei innføring i franskspråkleg litteratur og litteraturhistorie frå det 17. hundreåret fram til vår tid. Formålet er å utvikla evna hjå studentane til å lesa og tolka skjønnlitterære tekstar gjennom øving i litterær analyse og kunnskap om dei aktuelle periodane og forfattarane. I studiet av tekstane vert merksemda retta mot dei litterære og språklege verkemidla og korleis tekstane er knytte til fransk og frankofon kultur.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse	Etter fullført emne skal kandidatane - ha kunnskap om pensumtekstane og kjennskap til den kulturelle konteksten deira - ha kunnskap om hovudlinene i fransk litteraturhistorie frå det 17. hundreåret og fram til vår tid - ha kunnskap om nokre sentrale litterære teknikkar og deira bruk i narrative, dramatiske og lyriske tekstar - kunna gjera greie for tematiske og formelle aspekt ved pensumtekstane på fransk - kunna situera pensumtekstane i høve til hovudlinene i fransk litteraturhistorie - kunna bruka kunnskapane dei har skaffa seg i sjølvstendige analysar og drøftingar av pensumtekstane - kunna utvikla vidare kunnskapane og dugleiken deira og forståinga av franskspråkleg litteratur gjennom vidare studium
Tilrådde forkunnskapar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole. Studentane bør ta vår-emna FRAN101 og FRAN103 før haustemna FRAN102 og FRAN114.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang • Type • Timer pr veke • Veker	Førelesingar, oppgåvekurs, rettleiing i samband med den obligatoriske øvingsoppgåva, samt ei stutt innføring i bruk av databasert læringsprogram for sjølvstudium. I tillegg til den ordinære undervisninga er det filmframsyning kvar veke.

	Om lag 8 timar undervisning pr veke i 8 veker. Ved semesterstart vert det gjeve intensiv undervisning i emnet i 2 veker, så følgjer ein undervisningspause samstundes som emnet FRAN114 gjev eit 7 vekers studieopphald i Frankrike, og deretter vert det gjeve undervisning att i 6 veker fram til eksamen.
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane deltek på minimum 24 av 32 førelesingar (75%) for å få gå opp til vurdering i emnet. I samband med undervisninga skal studentane skriva ei obligatorisk øvingsoppgåve på fransk (ca 1500 ord). Oppgåva vert delt ut nokre veker etter semesterstart, med innlevering 8-10 veker seinare. Datoane vert kunngjorde i samband med undervisninga og ved oppslag/nettet. Oppgåva skal vere godkjend før ein kan ta eksamen i emnet.
Vurderingsformar	Eksamen er ein 6 timars skriftleg skoleeksamen med ei oppgåve i litterær analyse eller om litterære problemstillingar. Ein skal svara på fransk. Studentane kan nytta eittspråkleg (fransk-fransk) ordbok godkjend av instituttet.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	a) Tekstpensum Pensumet er obligatorisk og inneheld følgjande: Det 17. hundreåret: 1 verk Det 18. hundreåret: 1 verk Det 19. hundreåret: 1 roman, 2 noveller Det 20. hundreåret: 5 romanar (2 frå frankofone område utanfor Frankrike), 3 noveller. I tillegg: 20 sider lyrikk frå det 19. og 20. hundreåret. I pensumoversynet på internett ligg det opplysningar om kva tekstar som til eikvar tid er pensum. b) Litteraturhistorie Studenten les eit stutt oversyn over fransk litteraturhistorie frå det 17. til det 20. hundreåret. Ein lyt òg skaffa seg grundigare kjennskap til forfattarane som er lagde opp på pensum. Stoff om dei einskilde forfattarane finst i litteraturhistorier, leksika og kommentarbøker til pensumverka. Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

FRAN102 French Literature

Language of Instruction

French

Semester of Instruction

Fall

Level of Study

Bachelor

Access to the Course

The course is open to all with admission to the University of Bergen.

Objectives and Content

The course will give an introduction to French literature and literary history from the seventeenth century to our time. The purpose is to develop the students' ability to read and interpret literary texts through practice in literary analysis and knowledge of the periods and authors. When studying the texts, the attention will be on the literary and linguistic tools and how the texts are tied to French and Francophone culture.

Learning Outcomes

After completing the course the candidates will

have gained knowledge of the texts on the reading list and their cultural context

have gained knowledge of the main lines in French literary history from the seventeenth century to our time

know some central literary techniques and their use in narratives, drama and poetry

be able to explain in French thematic and formal aspects of the texts on the reading list

be able to place the texts on the reading list along the main lines of French literary history

be able to use the knowledge they have gained in independent analyses and discussions of the texts on the reading list

be able to further develop their knowledge and competence, as well as the understanding of French literature, through further study

Required Previous Knowledge

None

Recommended Previous Knowledge

To complete the course with good results a level of French corresponding to at least level 2 from Upper Secondary School is required.

The students are advised to take the Spring courses FRAN101 and FRAN103 before the Fall courses FRAN102 and FRAN114.

Teaching Methods and Extent of Org. Teac

Lectures, classes devoted to working on assignments, supervision tied to the compulsory assignment, as well as a short introduction to using a computer-based educational program for independent study. In addition to the ordinary lectures, movies will be shown every week.

About 8 hours of teaching per week for 8 weeks.

At the beginning of the semester intensive teaching in the course will be given for 2 weeks, followed by a break in the teaching at the same time as the course FRAN114 conducts a study trip to France for 7 weeks, then teaching resumes for another 6 weeks until the exam.

Compulsory Assignments and Attendance

Students are required to attend a minimum of 24 out of 32 lectures (75%) in order to attend examination in the course.

In connection with the teaching, students will write a compulsory assignment in French (about 1500 words). The assignment is handed out a few weeks after the beginning of the semester, and will be due 8-10 weeks later. The dates will be announced in connection with the lectures and on the bulletin board/internet. The assignment must be approved before one can take the exam.

Forms of Assessment

The exam is a 6-hour written test with questions related to literary analysis or about literary problems. You must answer in French. The students can use monolingual (French-French) dictionaries approved by the Department.

Grading Scale

The grading scale A-F is used, where F is a fail.

Reading List

a) Literary texts

The curriculum is compulsory and contains the following:

The seventeenth century: 1 work

The eighteenth century: 1 work

The nineteenth century: 1 novel, 2 short stories

The twentieth century: 5 novels (2 from francophone areas outside of France), 3 short stories.

Additionally: 20 pages of poetry from the nineteenth and twentieth centuries.

In the curriculum outline available online there is information regarding which texts are included in the curriculum at any time.

b) History of literature

The student will read a short outline of French history of literature from the seventeenth to the twentieth century. They should also become more familiar with the authors available through the curriculum. Material on the various authors can be found in histories of literature, encyclopedias and commentaries to the works on the reading list.

Any changes in the curriculum will be announced at the start of the semester.

Place of Instruction

Bergen

Course Evaluation

The teaching is evaluated according to the quality assurance system of the University of Bergen.

Contact Information

studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN103
Emnenamn	Fransk kulturkunnskap og omsetjing fransk-norsk
Engelsk emnenamn	French Culture and Translation from French to Norwegian
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk og fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet er tredelt. Studenten skal 1) få ei innføring i fransk historie frå ca. 1600 og fram til i dag 2) få ei innføring i den franskspråklege verda utanom Frankrike (la francophonie) 3) få trening i omsetjing frå fransk til norsk
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse	Studentane har skaffa seg kunnskap om fransk historie frå 1600-talet til i dag og kan drøfta problemstillingar knytte til viktige historiske hendingar i Frankrike. Dei kjenner til frankofoniens utbreiing og situasjon i verda og er i stand til å diskutera og gje eit oversyn over situasjonen til språket internasjonalt. Studentane kan omsetja tekstar frå dagspressa frå fransk til norsk.
Tilrådde forkunnskapar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang • Type • Timer pr veke • Veke	Kvar student får tilbod om 7 timar undervisning kvar veke i om lag 10 veker: 2 t førelesing i historie 2 t førelesing i frankofoni 2 t førelesing i omsetjing frå fransk til norsk 1 t munnleg øving knytt til historie og frankofoni (gruppe)
Obligatoriske arbeidskrav	I samband med undervisninga skal ein levera for godkjenning eitt skriftleg arbeid i omsetjing og eitt skriftleg arbeid på om lag 1000 ord i historie eller frankofoni. Ein må i tillegg få godkjent ei munnleg framføring på om lag fem minutt i den disiplinen ein ikkje leverer skriftleg oppgåve i. Frist for innlevering av oppgåver vert gjeven i byrjinga av semesteret.
Vurderingsformar	Eksamen er tredelt: 1) Skriftleg skoleeksamen (2 timar) i historie eller frankofoni. Kva for ein disiplin som skal prøvast til skriftleg eksamen vert oppgjeve ei veke før eksamen. 2) Munnleg eksamen på fransk i historie eller frankofoni (den

	av dei to disiplinane som ikkje vart prøvd til skriftleg eksamen). Kva for eit emne i pensum som skal prøvast vert oppgjeve om lag 20 minutt før munnleg eksamen. 3) Skriftleg skoleeksamen (2 timar) i omsetjing fransk-norsk. Karakteren på kvar av dei tre prøvene tel 1/3 av samla emnekarakter. Det er høve til å ta med seg inntil to deleksamenar inntil to semester etter at deleksamenen er greidd. På dei skriftlege eksamensdagane kan ein nytta eittspråkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Historie: eit oversyn over fransk historie frå 1600 til i dag, til dømes som det ein finn i Jean Carpentier og François Lebrun: Histoire de France, Points Seuil (om lag 200 s. tekst) Frankofoni: utdrag frå John Kristian Sanaker, Karin Holter og Ingse Skattum: La francophonie, une introduction critique, Unipub (om lag 140 sider) Eit presist pensumoversyn finn ein på Mi side. Omsetjing: ikkje noko tekstpensum Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

FRAN103 French Culture and Translation from French to Norwegian

Language of Instruction

Norwegian and French

Level of Study

Bachelor

Access to the Course

The course is open to all with admission to the University of Bergen.

Objectives and Content

The course is divided into three parts.

The student will

1. get an introduction to French history from around 1600 and up until today
2. get an introduction to the French speaking world outside of France (la francophonie)

get practice in translating from French to Norwegian

Learning Outcomes

The acquisition of basic knowledge of history and the francophone (especially the linguistic conditions in the different countries) is carefully tied to training in expressing one-self in writing and orally in French about these topics.

Practice in translation from French to Norwegian will give the student a better understanding of the structure of the two languages and increased vocabulary.

Required Previous Knowledge

None.

Recommended Previous Knowledge

To complete the course with good results a level of French corresponding to at least level 2 from Upper Secondary School is necessary.

Teaching Methods and Extent of Org. Teac

Each student is offered 7 hours of teaching every week for about 10 weeks:

2 hours lecture in history

2 hours lecture in the francophone

2 hours lecture in translation from French to Norwegian

1 hour oral training tied to history and the francophone (group)

Compulsory Assignments and Attendance

In connection with the teaching the students must hand in a written work in translation and a written work of about 1000 words in history or the francophone for approval. Additionally, students must have an oral presentation of about five minutes, in the discipline which they did not hand in a written assignment, approved. The deadline for handing in assignments is given in the beginning of the semester.

Forms of Assessment

The exam is divided into three parts:

1) Written exam (2 hours) in history or the francophone. Which discipline will be the topic for the exam is announced one week before the exam.

2) Oral exam in French history or the francophone (whichever of the two disciplines was not the topic for the written exam). The topic from the curriculum that will be on the exam is announced about 20 minutes before the oral exam.

3) Written exam (2 hours) in translation French-Norwegian.

Each of the three tests counts for one third of the joint grade in the course. Up to two of the three exams are valid for up to two semesters after they have been passed.

On the days of the written exam the students can make use of monolingual (French-French and possibly Norwegian-Norwegian) dictionaries approved by the Department.

Grading Scale

The grading scale A-F is used, where F is a fail.

Reading List

History: An outline of French history from around 1600 up until today, for example what is found in Jean Carpentier and François Lebrun: *Histoire de France*, Points Seuil (about 200 pages of text)

The francophone: Extracts from John Kristian Sanaker, Karin Holter and Ingse Skattum: *La francophonie, une introduction critique*, Unipub (about 140 pages)

Accurate details of the curriculum can be found on My Space/Mi side.

Translation: No textual curriculum

Any changes in the curriculum will be announced at the start of the semester.

Place of Instruction

Bergen

Course Evaluation

The teaching is evaluated according to the quality assurance system of the University of Bergen.

Contact Information

studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN114
Emnenamn	Omsetjing norsk-fransk, fonetikk og samfunnskunnskap (med vekt på munnleg fransk)
Engelsk emnenamn	Translation from Norwegian to French, Phonetics and French Society (with emphasis on spoken French)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk og fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet har tre komponentar: (a) Munnleg fransk (konversasjon) knytt til eit pensum i franske samfunnstilhøve (b) Fransk uttale (lesedugleik) knytt til eit pensum i fonetikk (c) Omsetjing norsk-fransk Emnet skal (a) øva opp evna til å samtala på fransk om det franske samfunnet og samfunnsdebatten i dag (b) gje studentane ei god fransk uttale, styrkja lesedugleiken deira og gjera dei i stand til å gjera greie for hovudprinsippa i fransk uttale (c) Læra studentane å omsetja frå norsk til fransk enklare tekstar tekne frå til dømes aviser og skjønnlitteratur. Gjera studentane vane med bruk av eittspråklege og tospråklege ordbøker i omsetjingsarbeidet.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse	• Kunnskapar Etter fullført emne skal studentane (a) ha inngåande kjennskap til konstitusjonelle, politiske, kulturelle og sosiale tilhøve ved det franske samfunnet i dag, (b) kjenna til hovudprinsippa i fransk uttale og (c) ha kunnskap om viktige skilnader mellom fransk og norsk setningsstruktur. • Dugleik Studentane skal (a) vera i stand til å samtala på fransk om det franske samfunnet og samfunnsdebatten i dag, (b) ha ei god fransk uttale og (c) vera i stand til å omsetja enklare allmennspråklege tekstar frå norsk til fransk • Generell kompetanse Studentane skal vera i stand til å følgja med i og kunna vurdera fransk samfunnsdebatt ut frå dei kunnskapane dei har fått. Dei skal vera kompetente til å arbeida med norsk-fransk omsetjing på eit høgare nivå, t.d. ved å ta FRAN201.
Tilrådde forkunnskapar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det

	førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole. Studentane bør ta våremna FRAN101 og FRAN103 før dei tek til med haustemna FRAN102 og FRAN114.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang - Type - Timer pr veke - Veker	Kvar haust organiserer instituttet eit 7-vekers opphald for studentane i FRAN114 ved Det norske studiesenteret i Caen, med gjennomgang av pensum i franske samfunnstilhøve og fonetikk. Grunnkurset i fonetikk gjev dei viktigaste prinsippa for artikulasjon, lydsystem, rytme og intonasjonsmønster. For dei som ikkje kan følgja FRAN114 i Caen blir det gitt om lag 12 førelesingstimar i samfunnskunnskap og 12 førelesingstimar i fonetikk i løpet av dei 7 vekene dei andre studentane er i Caen. Samstundes blir det gitt om lag 6 timar praktiske øvingar i gruppe. For alle studentane blir det gitt om lag 28 førelesingstimar i omsetjing norsk-fransk i perioden før og etter 7-vekers-opphaldet.
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane må levera inn og få godkjent to omsetjingsoppgåver i undervisningssemesteret før dei kan gå opp til munnleg og skriftleg eksamen.
Vurderingsformar	Eksamen er todelt: 1) Munnleg eksamen knytt til pensum i franske samfunnstilhøve og i fonetikk. Eksamen inneheld ei samtale på grunnlag av ein ukjend tekst med emne knytt til pensum i samfunnskunnskap. Kandidatane får teksten om lag 30 minutt før eksamen. Emnekunnskap og språkleg dugleik tel likt i vurderinga av den munnlege prestasjonen. Eksamen inneheld òg høgtlesing av ein tekst der studenten må kommentera uttala, og spørsmål frå det teoretiske pensumet i fonetikk. 2) Skriftleg skoleeksamen (3 timar) i omsetjing norsk-fransk. Ein kan nytta eit språkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet Munnleg eksamen tel 2/3 og skriftleg eksamen tel 1/3 av samla karakter i emnet. Det er høve til å ta med seg ein deleksamen i inntil to semester etter at deleksamenen er greidd.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	I tillegg til pensum i franske samfunnstilhøve/munnleg fransk er det ein føresetnad at studenten har generell kjennskap til fransk kultur og samfunn. Dette kan ein skaffa seg t.d. ved å følgja med på fransk radio og fjernsyn, lesa franskspråklege aviser og bruka internett.

	Omsetjing norsk-fransk er ikkje knytt til eit særskilt pensum, men eit oversyn over ordbøker finst på internett. Der finst òg eit oversyn over pensum i franske samfunnstilhøve/munnleg fransk og uttale. Ein finn informasjon om pensum på Mi Side. Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.
Undervisningsstad	Bergen og Caen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN201
Emnenamn	Fordjuping i fransk grammatikk, tekstlingvistikk og omsetjing
Engelsk emnenamn	Specialization in French Grammar, Text Linguistics and Translation
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Fransk og norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Dette emnet inneheld eit pensum i grammatikk på om lag 200 – 250 sider henta frå ei moderne lærebok skriven på fransk, i motsetnad til læreboka på 100-nivå som er kontrastiv og skriven på eit skandinavisk språk. Omsetjing frå norsk til fransk og frå fransk til norsk utgjer òg ein viktig del av dette emnet. Arbeidet både med grammatikk og med omsetjing har som mål å gje studentane større teoretisk kunnskap og praktisk dugleik i moderne fransk. Ikkje minst er omsetjingsdisiplinen viktig for å nå fram til større forståing av dei ulike strukturane i dei to språka. Dugleik i omsetjing så vel frå norsk til fransk som frå fransk til norsk er ein viktig kvalifikasjon når ein skal bruka franskstudiet i yrkessamanheng.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse	Ved fullført emne skal kandidaten: - ha djupare innsikt i språkvitskaplege omgrep og apparat for grammatisk analyse, - ha større kunnskap om fransk språkstruktur og -tekst. - vera i stand til å reflektera kritisk rundt språkvitskaplege analysar av språket. - kunna nytta språklege omgrep til å analysera fransk språkbruk i ulike sjangrar. - kunna uttrykkja seg skriftleg på fransk og vera i stand til å skriva resonnerande tekstar på fransk. - kunna omsetja middels vanskelege tekstar innan ulike sjangrar. - ha kunnskap om kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk. - kunna vidareutvikla kunnskap og dugleik i disiplinen på sjølvstendig vis.
Tilrådde forkunnskapar	FRAN201 føreset språkkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå. Undervisninga byggjer vidare på FRAN101 og

	FRAN103.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang • Type • Timer pr veke • Veker	Størstedelen av pensum vert gjennomgått på førelesingar, ein dobbelttime i veka over om lag 12 veker. Studentane bør levera inn skriftlege svar gjennom heile semestret. Studentane bør dessutan arbeida med øvingar i omsetjing i Multimedialaben eller på eigen datamaskin/internett. Det vil verta gjeve undervisning i omsetjing norsk-fransk og fransk-norsk gjennom heile semestret, om lag 6 dobbelttimar fransk-norsk og 6 dobbelttimar norsk-fransk. Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studentalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane deltek på minimum 18 av 24 førelesingar/øvingar (75%) for å få gå opp til vurdering i emnet. For å kunna ta eksamen i emnet må studentane få godkjent ei av øvingsoppgåvene i grammatikk og to omsetjingsoppgåvene (ei norsk-fransk og ei fransk-norsk) som er blitt gjevne i samband med undervisninga.
Vurderingsformar	Eksamen er todelt: 1) Ein 3 timars skoleeksamen i omsetjing frå fransk til norsk og frå norsk til fransk. 2) Ein 3 timars skoleeksamen i grammatikk der ein skal svara på fransk. På begge eksamensdagane kan studentane nytta fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk ordbok godkjend av instituttet. Prøva i omsetjing og grammatikkprøva tel 50 prosent kvar av samla karakter i emnet. Det er høve til å ta med seg ein deleksamen i inntil to semester etter at deleksamenen er greidd.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er henta frå eit moderne franskspråkleg grammatikkverk. På den elektroniske emnesida (Mi side) ligg det opplysningar om kva tekstar som til eikvar tid er pensum. Ved semesterstart vil det bli opplyst om eventuelle endringar i pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-

	sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Course Code	FRAN201
Course Title	Fordjuping i fransk grammatikk, tekstlingvistikk og omsetjing
Course Title, English	Specialization in French Grammar, Text Linguistics and Translation
ECTS Credits	15
Semester of Instruction	Spring
Language of Instruction	French and Norwegian
Level of Study	Bachelor
Access to the Course	The course is open to all with admission to the University of Bergen
Objectives and Content	The reading material for this course consists of 200-250 pages from a modern French-language grammar textbook, and differs from the reading material for the 100-level courses, which were contrastive in nature and written in a Scandinavian language. Translation from Norwegian to French and French to Norwegian is an important part of this course. Working with both grammar and translation aims to give students greater theoretical knowledge and practical skills in modern French. Translation is important, as it helps students gain a greater understanding of the different structures in the two languages. Skills in translation, both from Norwegian to French and French to Norwegian, are an important qualification when using one's French studies in a job.
Learning Outcomes	With the completed course, the candidate: - has deeper insight into linguistic concepts and tools for grammar analysis - has greater knowledge of the French language structure and texts - can reflect critically over linguistic analysis of the language - can use linguistic concepts to analyze French language use in different genres - can express oneself in written French, especially through writing essays - can translate intermediate texts in different genres - has knowledge of contrastive issues in translation between Norwegian and French - could further develop knowledge and skills in the discipline independently
Recommended Previous Knowledge	FRAN201 is based on language skills corresponding to the

	courses at the 100-level. The teaching builds on FRAN101 og FRAN103.
Required Previous Knowledge	None
Teaching Methods and Extent of Organized Teaching	Most of the course curriculum will be discussed in the lectures, held two hours a week for 11 weeks. The students should turn in written work during the whole semester. Additionally, the students should work with translation practice in the Multimedia Lab or on their own computer. Classes about translation will be held for the whole semester; five two-hour classes will be about translation from French to Norwegian and five two-hour classes will be about translation from Norwegian to French.
Compulsory Course Assignments	Students must attend at least 75% of the lectures and seminars (16 of 21) to be allowed to take the final course assessment. Additionally, there are three compulsory assignments, which must all be approved in order to take the course exams. The activities are: one grammar assignment and two translation assignments (one Norwegian-French, and one French-Norwegian), which are given in connection with the classes.
Forms of Assessment	There are two exams for the course: 1) A three-hour written exam in translation from French to Norwegian and Norwegian to French 2) A three-hour written exam in grammar, written in French. For both exams, students can use a monolingual dictionary in French and/or Norwegian approved by the Department. These two exams are each worth 50% of the final course grade. One of the two exams is valid for the next two semesters after the semester of instruction.
Grading Scale	The grading scale A-F is used, where F is a failing grade.
Curriculum	The curriculum is from a modern French-language grammar book. Information about additional required course materials or texts will be available on the course page on Mi Side. Possible changes in the course materials will be indicated at the beginning of the semester.
Place of Instruction	Bergen
Course Evaluation	The teaching will be evaluated according to the quality assurance system of the University of Bergen.
Contact Information	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN212
Emnenamn	Omsetjing frå fransk til norsk og frå norsk til fransk
Engelsk emnenamn	Translation from French to Norwegian and from Norwegian to French
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Fransk og norsk
Fagleg overlapp	FRAN201 (100 %)
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet inneheld to komponentar: - Omsetjing frå norsk til fransk - Omsetjing frå fransk til norsk Arbeidet med omsetjing har som mål å gje studentane større teoretisk kunnskap og praktisk dugleik i moderne fransk. Omsetjingsdisiplinen skal dessutan bidra til ei betre forståing av dei ulike strukturane i dei to språka. Dugleik i omsetjing så vel frå norsk til fransk som frå fransk til norsk er ein viktig kvalifikasjon når ein skal bruka franskstudiet i yrkessamanheng.
Læringsutbyte/resultat • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse	Ved fullført emne skal kandidaten: - ha større kunnskap om fransk språkstruktur. - kunna omsetja middels vanskelege tekstar innan ulike sjangrar. - ha større kunnskap om kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk. - kunna vidareutvikla kunnskap og dugleik i disiplinen på sjølvstendig vis.
Tilrådde forkunnskapar	FRAN202 føreset språkkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå. Undervisninga byggjer vidare på FRAN101 og FRAN103.
Krav til forkunnskapar	Ingen
